



Dato: 18.12.2014

Vår ref.: 2014/11739-3

Saksbehandlar: annport

Dykkar ref.:

## Julebrev folkehelse 2014

Hordaland fylkeskommune ved Regionalavdelinga vil takke kommunane for eit godt samarbeid i 2014. Vi har denne våren og hausten vore i kontakt med dei fleste kommunane i samband med folkehelsearbeidet enten gjennom kontakt på telefon, e-post, møter i kommunane eller ulike samlingar og konferansar. Vi set stor pris på samarbeid med både nye og «gamle» kontaktpersonar i folkehelsearbeidet.

- **Om folkehelseoversiktssarbeidet**

Hordaland fylkeskommune har gjennom året auka samhandlinga mellom folkehelsetemaet og seksjon for Analyse, utvikling og dokumentasjon (AUD) for å samordne kompetanse på folkehelse, statistikk og analyse. Eit resultat av samarbeidet er eit nytt verktøy for kommunane for å få oversikt over folkehelsa lokalt. Sjå link: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Regional-utvikling/Folkehelse>Liste/Verktøy-for-folkehelsearbeidet-er-lansert/>

Fylkeskommunen ønskjer å leggje til rette for møteplassar for kompetanseheving om oversiktssarbeidet også i 2015. Den 11.02 inviterer Fylkesmannen i Hordaland, KoRus Vest Bergen og Hordaland fylkeskommune til ei samling om folkehelseoversiktssarbeidet innan rusområdet. Invitasjon vert sendt i eige brev. Ei samling om oversiktssarbeid og kvalitative metodar er under planlegging. Nærmore informasjon kjem seinare. Hordaland fylkeskommune har også sett i gong arbeid med fylkeshelseoversikt som mellom anna skal leggast til grunn for ny Regional planstrategi.

- **Støtte opp under kommunane sitt folkehelsearbeid**

Hordaland fylkeskommune har gjennom hausten prioritert å styrke understøttarfunksjonen innan folkehelsearbeidet mot kommunane. Dette mellom anna med auka rådgjevarressurs, innspel på ulike planhøyringar og deltaking i Regionalt planforum, i tillegg til kommunebesøk. Folkehelserådgjevar frå Tannhelseavdelinga er no ein del av folkehelseteamet. Alle tannhelsedistrikt har kvar sin folkehelsekoordinator Tannhelse. Tannhelsetenesta kan mellom anna hjelpe kommunane med å hente ut statistikk over tannhelsa på alle prioriterte grupper. Sjå link: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Tannhelse>

Også i 2015 vil Hordaland fylkeskommune gje tilskot til folkehelsearbeid i kommunane etter søknad. I følge *Fylkesutvalsak: sak 36-13*, skal midlane nyttast i arbeidet med å utvikle eit systematisk og tverrsektorelt folkehelsearbeid i kommunane. Eigen rapporteringsfrist for midlar utbetalet i 2014 som var sett til 1. mars 2015, er no fjerna. Dette for å gjøre søker- og rapporteringsarbeidet enklare for kommunane. Vi ber i staden om ein kort statusrapport for 2014 i søkeren for 2015. Frist for å søkje midlar for 2015 er sett til 01.09.2015. For søkeradskriterier sjå: <http://www.hordaland.no/tenester/torskot/>

Av statsbudsjettet 2015 ser det dessverre ut til at midlar etter søkeradsordninga «tilskot til fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv», fell bort. Dette har vore midlar til folkehelsetiltak i kommunane som frivillige organisasjonar har kunne søkje på.

Kompetanseutvikling, særleg knytt til helsefremjande samfunnsplanlegging, har vore eit viktig innsatsområde i 2014. Særleg kjekt var det derfor at folkehelsekontaktar frå 8 kommunar deltok på Norsk folkehelsekonferanse i Oslo i oktober. Vi planlegg også ny erfaringssamling for alle kommunane den 11.juni 2015. Set av datoene allereie no.

- Regionale planar, regionalt utviklingsarbeid og nytt partnarskap for folkehelse**

Fleire regionale planar/handlingsprogram som inneholder viktige føringar og retning for folkehelsearbeidet framover i regionen blei vedteke i Hordaland fylkesting den 10. des.2014.

Kulturplanen «PREMISS: KULTUR» er Hordaland sin samla politikk for kultur fram mot 2025, og inkluderer museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kultурformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. PREMISS: KULTUR er fem planar i eitt grep – og er ein pilot i nasjonal samanheng. Direkte lenke til planen: <http://www.hordaland.no/Global/kultur/dokument/dokument2014/Premiss%20Kultur%20Regional%20kulturplan%20for%20Hordaland%202015-2025.pdf>

Regional plan for attraktive senter set tydeleg retning for samfunnsutviklinga. Mellom fleire delmål kan det nemnast at «*Sentrum skal ha gode parkar, leikeplassar og allment tilgjengeleg areal for fysisk aktivitet, samt at Sentrum skal ha høg arkitektonisk kvalitet og inkluderande møteplassar*». [Regional plan for attraktive senter - senterstruktur, tenester og handel | Hordaland fylkeskommune](#)

Handlingsprogrammet til klimaplanen har mange gode tiltak som vil betre vilkåra for folkehelsa i fylket. På sikt vil til dømes tiltaka sørge for betre luft. I 2015 vil det vere ei særleg satsing på sykkel i Hordaland, med tiltaka «sykkel-VM kvar dag» og støtte til «prøvekjøre», som gir folk høve til å prøve el-sykkel. Sjå meir om handlingsprogrammet på <http://www.hordaland.no/klima>.

Utvikling av det regionale folkehelsearbeidet knytt til mål, strategiar og tiltak er starta opp. Første samling med nytt Partnarskap for folkehelse er sett til 07.04. 2015. Tema for samlinga vil være knytt til val av samarbeidsmodell og organisering. Fylkesmannen i Hordaland og KS er viktige samtalepartar i planleggingsfasen.

Innsats retta mot barn og unge er eit viktig satsingsområde i det regionale folkehelsearbeidet. Deltaking i det nasjonale programmet Fiskesprell er derfor vidareført for 2015. For andre året på rad får elevar ved barne- og ungdomsarbeidarlinja i den vidaregåande skulen også dette tilbodet.

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Regional-utvikling/Folkehelse/Fiskesprell/>

I 2013 og 2014 er pilotprosjektet «Helsefremmende nærmiljøkvalitetar i SFO» gjennomført. I dette samarbeidet mellom 3 kommunar/8 skular, Høgskulen i Bergen, Hordaland fylkeskommune og Helsedirektoratet, er det utvikla kunnskap om skulefritidsordninga som nærmiljøarena. Resultat av prosjektet vert presentert på erfaringssamling den 14. januar 2015.

Det skjer mykje godt folkehelsearbeid i Hordaland. Søknadane om folkehelsemidlar som fylkeskommunen har motteke viser at dei fleste kommunane i fylket er godt i gong med utvikling av oversiktssdokument over helsetilstanden, og at folkehelsesatsingar vert knytt tettare inn i samfunnsplanlegginga.

*Vi ynskjer å takke dykk for eit godt folkehelsesamarbeid i 2014. Med ønskje om riktig god jul og eit godt nytt år!*

**Bård Sandal**  
fylkessjef regional utvikling

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift

